

Referat frå styremøte på Spitsbergseter 4. og 5. august 2019, 6 timar

Desse møtte: Knut Evensen, Ellen M. Syse, Jonny Mathisen, Ola Hareland, Anne Terningen(4. aug) og Pål Kjørstad. Eirik Kolbjørnshus, Gro Arneng og Frode Rudland hadde meldt forfall.

Sak 38/2019: Referatsaker

- Referat frå styremøte 05.06.2019, godkjent i tidlegare mailrunde
- 07.06.2019: Møte på Nortura, Otta om framtida til anlegget, Ellen møtte. Leiinga på Nortura, Otta orienterte om anlegget og den positive drifta der. I forhold til framtida vart diskusjonen halde rundt at anlegget ikkje berre skulle reddast, men utviklast til også å slakta småfe. Fabrikksjefen og teknisk sjef på anlegget var svært positiv til dette. Ellen synest at møtet var svært godt i forhold til at mange politikarar var på møtet og fekk høyra og læra meire om slakteriforholda her
- 11.06.2019: FK-Lillehammer. Møte med faglaga i Oppland, Knut møtte. Høringsfrist på saka rundt dei nye rovviltregionane, der nemnda og FM er høringsinstansar er Høringsfrist er 01.10.2019
- 17.06.2019: Møte i Rovviltnemnda, Jonny møtte. Jonny er svært skuffa over Rovviltnemnda i Oppland, som etter synet hans ikkje meiner eller står for noko. FM kunne opplysa at det er svært stor sannsynleg for at den nye rovviltregionen kan bli ei samanslutning av Viken og Innlandet! Jervekvota vart vedteke, der OSG har skrive inn ei klage i ettertid om å fjerne hodyrkvota i beiteprioriterte områder i kvotevedtaket. Klaga vart godkjent og vedtaket vart omgjort
- 25.06.2019: Møte med styret i Lesja Sau og Geit. Ola Hareland møtte. Arbeidar med kompetansekravet, smittesluse, Mattilsynet i forhold til becquerel-målingar – forskjellsbehandling av brukarar, opplegg rundt lokal verkåring, ulike avtaler mellom småfeeigar og veterinær. I tillegg vart det diskutert og sagt dette om:
 - «Forslag til uttale i forhold til regjeringas forslag til endringer i bestemmelsene for rovvilt, jmf. regjeringen.no. fra styret i Lesja Sau og Geit, som vi tek med:
 - Regjeringen har 7 endringsforslag:
 - 1. Forslag til endringer i nødvergebestemmelsen, der det foreslås endring til at det ikke bare skal være tillatt nødvergeavliving under direkte angrep, men også i umiddelbart forestående angrep. Etter vår vurdering en riktig og viktig endring som støttes, da det er vanskelig å bevise avliving under direkte angrep.
 - 2. Forslag om ny rovviltklagenemnd. Pr. i dag er det Klima og Miljødepartementet som er klageinstans. Umiddelbart positivt å «desentralisere» denne viktige klagenemnda, slik at klager blir behandla nærmere de aktuelle aktørene. Sammensetningen av nemnda skal utnevnes av departementet, og sammensetningen av nemnda vil bli viktig.
 - 3. Neste forslag er nok det viktigste endringsforslaget, det det foreslås reduksjon i antall forvaltningsregioner for rovvilt. Det foreslås oppretting av 4 eller 5 nye store regioner. Pr i dag er Oppland en region (region 3). Regjeringens alternativ 1 er Innlandet, Viken, Vestfold, Telemark og Agder. Alternativ 2 er Innlandet, Oslo og Viken. Ingen av disse regionforslagene er ideelle for Oppland generelt og Lesja spesielt. Som utkantkommune i dagens region må vi pr i dag tåle et merkelig

forvaltningsregime, der naturlige geografiske skiller ikke følges. Dette vil bli enda mer framtrepende i de nye større regionene, der vi i enda større grad blir utkant, og vi blir del av en region som også skal tolerere mere gaupe, bjørn og ulv. Lesja har lite til felles med Viken, Vestfold og Telemark. Vi mener at regioninndelingen MÅ følge naturlige geografisk skiller. I Lesja har vi felles jervebestand med nabokommunene i nord og vest, i Trøndelag og Møre og Romsdal fylker, men vi skal ikke være i samme forvaltningsregion med dem. Regjeringen vedgår at «dette kan medføre at tidligere prioriterte beiteområder blir prioritert til rovvilt. Dette kan bli belastende for beitebrukere som har gjort langsiktige investeringer basert på gjeldende arealdifferensiering.

- 4. Regjeringens neste forslag går på å få til felles bestandsmål på tvers av flere rovviltregioner, med forvaltning på tvers av regionene. Ved første øyekast ses dette på som positivt. Men skal det da eksistere en «overforvaltningsnemnd» som skal gjøre disse vurderingene. Er redd at nye regioner og forvaltning på tvers kan føre til ansvarsvakuum og uoversiktighet for aktørene i rovviltdebatten. En skulle tro at det ville være enklere og bedre for alle med en region for hver rovviltart i hver landsdel?
- 5. Forslag går ut på at Landbruksdepartementet skal ha rett til uttale på samme måte som Klima- og Miljødepartementet i forbindelse med de regionale forvaltningsplanene for rovvilt. Støttes 100%
- 6. Neste forslag er at kommunene skal gis klageadgang i forbindelse med rovviltneemndenes vedtak om felling etter rovviltforskriften. Støttes 100%. Kommunene er nærme beitebrukerne og har god oversikt over rovviltsituasjonen i kommunen. Dette vil bli viktig om forvaltningsregionene skulle bli større enn dagens.
- 7. Fellingsmetoden for jerv gjøres mer effektiv ved å tillate kunstig lys på åteplass, elektronisk overvåking av jervbås i stedet for fysisk tilsyn. Støttes 100%. Forslaget har vært utprøvd i deler av landet med stort hell. En burde også vurdere å utvide fellingstiden på båsfangst til å vare lenger enn 15.februar. Ved fangst etter 15/2 kan SNO komme å bedøve det fangede individet før kjønnsbestemmelse. Hanndyr kan avlives, mens voksne hunddyr slippes fri. På dette viset kan en ta ut en større del av fellingskvoten på en effektiv måte. Lisensjakta starter 20/08.» Høringsfristen er 1/10
- 26.06.2019: Strategimøte på Lillehammer med Norske Kadaverhunder, Findmy, NSG, OSG, og Telespor var invitert men møtte ikkje, Jonny og Pål møtte. Tema var i forhold til å utveksla kunnskap, informasjon og strategiar med ymse hjelpemiddel rundt beiting i utfordrande beiteområder. I følgje aktørane var dette eit positivt møte, der dei vedtok å følgje opp dette samarbeidet med eit brukarseminar 3 stadar i Norge
- 02.07.2019: Møte om beredskapsplanen med FMIN på Hamar, Knut møtte. Planen var ikkje utsendt, men vart presentert på møtet. Denne planen kjem antageleg på høring etter kvart
- 03.07.2019: Møte om VM i saueklipping, Jonny og Pål møtte, tankar rundt klippekurs/klipperådet. VM i Norge kan tidlegast fyrste gongen finna stad 2028, noko som NSG må bestemma om vi skal forsøke oss på. Skottland v/Royal Highland Show skal arrangera VM i 2022
- 12.07.2019: Møte om rovviltstrategiar på Fåvang, Jonny, Knut og Pål møtte
- 13.07.2019: Ellen i Nationen angående riving av seter på Dovrefjell
- Facebook-profil til Oppland Sau og Geit er oppretta av Knut. Knut og Ellen er administrasjon m.o.t. medlemmar ut og inn
- 26.07.2019: Knut i lokallag-radioen angående sviktande sal av lammekjøtt

- 02.08.2019: Anne i Oppland Arbeiderblad angående utfordring med gjerder og påkjørsler av beitedyr
- Det er gjeve tilsagn om midlar til klippekurs i Fåvang, Slidre og Nordre Land frå NSG
- Vi bruker møtekalender på nettsida aktivt og varslar om møter vi deltek på via mail. Etter møta sender vi ut eit notat frå møtet til styret og sekretær
- 02. og 03.08.2019: Guiding av Rogaland Sau og Geit på turen, Pål, Knut, Jonny, Odd Arne Myromslien og Ola Kjorstad deltok
- 04.08.2019: Seminar med Rogaland Sau og Sau, der Knut, Jonny og Pål hadde innlegg, mens Anne, Ola og Ellen kom med tilleggsopplysningar
- Innspel frå OSG til NSG frå førre styremøte vart ikkje teke så godt opp, da det delvis vart mistolka/kjeldene våre var ikkje sjekka godt nok
- Møteplan 2019/20:

<u>Dato/frå dato</u>	<u>Til dato</u>	<u>Emne/Stad</u>
Sept/okt-2019		Styremøte i OSG, Valdres/Land, besøk på ein geitgard Anne, Eirik og Gro sjekker, 2 frå kvart lokallagsstyre blir bedd , Arnfinn vert varsla om at valarbeidet kan starta
26.10.2019		70-års jubileum i Fåvang Sau og Geit, kl. 19.00 Tromsvang, styret er innbedd
26.10.2019		Stavsmartnan, stand frå Oppland Sau og Geit, tema: Beitebruk/klimarekneskap
Des. 2019		Styremøte, Toten/Hadeland, Valle Vidaregåande, Frode sjekker
Januar 2020		Regionmøter i OSG på 4 stadar
21.02.2020	23.02.2020	Årsmøtehelg, Scandic Hotel, Hafjell, Hedmark Sau og Geit vert bedd inn

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og møteplanen vart godkjent med dei nye vedtaka styret gjorde

Sak 39/2019: Kandidatar til rådet «Team ung» i NSG

- NSG vil oppretta eit nytt ungdomsråd i NSG, der fylkeslaga har frist til den 20.08.2019 med å foreslå kandidatar
- Ved oppnevning av medlemmer i teamet vil styret i NSG legge vekt på geografi og interesseområder. Det er ønskelige at kandidatane har erfaring og/eller interesse for eit eller fleire av NSG sine satsings- og arbeidsområder. Kandidatar som blir foreslått skal være førespurt av fylka og ha sagt seg villig til å stille seg til disposisjon for ei oppgave i «Team ung» i NSG

Vedtak i saka:

- Oppland Sau og Geit er positiv til dette og foreslår denne kandidatane frå Oppland med interesseområder i parentes:
- Even Sjurrud, Gausdal Sau og Geit (Avl, kåringsdommar, gjetarhund). Han er spurt og har sagt ja og Pål ordnar ein cv og sender innspelet inn til styret i NSG

Sak 40/2019: Rovviltsaker

- Førespurnad frå Toten ikring erstatningssaker med omsyn til hundeskader. Jonny synest at vi skal leggja ut ein mal for erstatningsmodell med satsar på heimesidene i Oppland
- N-Fron, Lesja og Skjåk har fått ein del jervskadar, og har delvis hatt skadefelling ei tid. I tillegg har N-Fron og Sør-Aurdal hatt skadefelling på gaupe, og Valdres, Land og Hadeland har hatt på ulv. Beitebrukarar på Hadeland er ikkje fornøgd med at dei ikkje har fått same ordninga som beitebrukarar i Viken, som har fått dekka ekstra tilsyn på inntil 7,5 timer pr. dag
- I N-Fron har dei nå fått dokumentert/antatt 12 skader til kongeørn. I følge FMIN må det til 15 for å oppnå skadefellingsløyve
- N-Fron har oppe 18 viltkamera, som ein håper kan bli til hjelp med både med å få skadefelling og effektuera ei eventuell skadefelling på jerv med hjelp av desse og ei hundeevipasje frå Hedmark som eit forsøk
- Jervprosjektet i Oppland arbeidar fram mot på lisensjakta med større fokus på bruk av hund
- Vi saknar enda noko av informasjonen rundt rovviltmeldingar frå somme stadar i Oppland, men det har kome seg
- Stjørdalselva – vert ei viktig grense i rovviltforvaltninga

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning og vedtok at Jonny og Pål lagar malen som er nemnt over

Sak 41/2019: Geitesaker

- Gro er på geitedagane på Geilo, og meldte forfall til styremøtet. Det har etter signala som har kome inn vore stort og godt oppmøte på geitedagane. Debatten omkring framtida til geita i Norge og fokus på bærekraft og klimaregnskap understreker at vi må fortsette å følge med og engasjere oss i saker som angår geita.

Vedtak i saka:

- Vi ventar til neste styremøte med rapport frå geitedagane og eventuelt fleire geitesaker

Sak 42/2019: Saker frå Ring 41/avlsutvalget

- Kåringssjå 2019 er ikkje vedteke enda, da både Nordre Land og Sør-Fron har bedd om å endra datoar
- Det skal arrangerast dommarsamling i år
- Fleire kåringer har planer om å laga meire rundt kåringsdagen

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning

Sak 43/2019: Gjetarhundsaker

- Knut informerte om at han hadde hatt kontakt med Endre Amundgård angående aktivitet, aktuelle saker og generell informasjon frå Oppland Gjetarhundlag
- Styret ynskjer at OGL skal arrangera årsmøtet sitt saman med resten av OSG i 2020

Vedtak i saka:

- Styret tok informasjonen til etterretning, og Knut kontaktar Endre angående felles årsmøtet

Sak 44/2019: Arbeidsplan 2019/20

Arbeidsplan, jmf. årsmøtesak, styret er bedd om å konkretisera planen, og oppdatere planen på kvart styremøte med underpunkter for å illustrere kva som er gjort og kva som må/bør/kan verta gjort for å følgja og eventuelt nå arbeidsplanen. Punkta som vart vedteke på årsmøtet med ymse samanslåingar og konkretiseringar på seinare styremøter er lista opp under, og det som er understreka er gjort

- **Bidra til at eit medlemskap i NSG skal lønne seg både i 2019 og framover for småfeholdet i Oppland, understreka er oppfølgd:**
 - Alle medlemmar kan leiga elektronisk overvåkingsutstyr gjennom Oppland Radiobjøllelag
 - Sørge for at det arrangeras grillaksjonar/marknadsføring av sau/lam- og geiteprodukt
 - Følge opp kompetansekravet/smittesluser som nå kjem opp i forhold til ny dyrehelseforskrift
- **Bygge vidare på organisasjonen Oppland Sau og Geit**
 - Revidera valinstruksen
 - Informera om kriteria til beste lokallag
 - Samarbeida godt med Ring 41, Radiobjøllelaget og Oppland Gjetarhundlag
 - Behalde generaldebatt på neste årsmøte med god nok tid
 - Gjera Oppland Sau og Geit enda meire synleg, aktivt og seriøst
- **Innspel til jordbruksforhandlingane**
 - Innspel sendt til NSG 4/3 2019
 - Innspel sendes til OB og OBS
 - Delteke på årsmøter i OB og OBS, m/innspela
 - Lage hefte med alle tema, som sendes ut til lokallaga i god tid
- **Delta på styremøte, årsmøter og medlemsmøter i lokallag som spør om det**
 - Be seg inn til dei som treng
 - Sende mail til lokallaga at vi står til disposisjon
 - Produsera ferdig powerpoint med ulike tema for medlemsmøter
 - Halda styremøter i regionar og be inn lokallagsstyra
- **Bidra til godt samarbeid og koma med gode og konstruktive innspel til småfeholdets beste til NSG, Nortura, Tine, Fylkesmannen, nabofylkeslag, Oppland Bondelag, Oppland Bonde- og Småbrukarlag**
 - Halda møter med OB og OBS i forkant av rovviltnemndsmøter med fleire tema
 - Be inn representantar for alle over på passande arrangement vi held
 - Drøfte og utreide fylkessamanslåinga med Hedmark Sau og Geit i forhold til vedtak i sak 9 i og halda minst 1 felles styremøte med Hedmark Sau og Geit
- **Bidra i arbeidet for økt oppslutning om sauekontrollen**
 - Halda kurs i medlemsmøter
 - Informera om fordelane ved sauekontrollen
 - Samarbeida med slakteria
 - Arbeida målretta med definerte mål om større oppslutning år for år
- **Medlemsverving – mål >1250 medlemmer i 2019**
 - Inspirera alle lokallag til å bruke «minside» aktivt
 - Følgja opp dei med avvik kontingent, og dei som har småfe som ikkje er medlemmar
 - Minna om vervepremiar, og fordelene med fleire medlemmar

- **Oppdatering av heimesida, inkludert rovviltartikkelen**
 - Knut Evensen har fått tilgang til Opplandssida
 - Legge ut møtekalender og møtenotater, bruka heimesida meire
 - Søkja om tilskot frå fagлага i Oppland på rovviltartikkelen
- **Søke FKT-midlar, midlar frå «Tilskot til tiltak i beiteområder» og andre midlar til drift av Oppland Radiobjøllelag**
 - Søkt om «FKT-midlar» og «Tilskot til tiltak i beiteområder» 28/2 2019
 - Halda god dialog og kontakt med FM, Findmy og Telespor
- **Vidareføra engasjementet i rovviltarbeidet med Rovviltutvalget som bidragsyter**
 - Oppland Sau og Geit skal stå for ei tydeleg linje i rovviltspørsmål som er godt forankra i rovviltutvalget og i styret. OSG skal fremme klare synspunkt i møte med forvaltninga, fagлага i Oppland og NSG sentralt.
 - Vi ser generelt at det er ei stor utfordring for fleire og fleire beitebrukarar å oppnå full erstatning utover normaltaket, som vi meiner i seg sjølv er for høgt i mange områder.
 - Det er i 2018 erstatta 55,7 % av dyr som er tapt på beite og søkt om erstatning for. Av dette er 54 % erstatta til jerv. Totalt er det tapt 11164 dyr på beite i 2018, og sjølv om ein trekker frå normaltaket av dette så er talet alt for høgt til å leva med. Beitebrukarane er pålagt ei umogleg oppgåve med å finne nok kadaver som er dokumenterbare.
 - OSG skal krevja ein større innsats frå forvaltninga gjennom rovviltnemnda til å ta ut restkvota når ikkje lisensjakta fører til at kvotene vert teke ut
 - OSG krev at sonene vert respektert slik Stortinget har vedteke med ei «tydelegare soneforvaltning». Dette betyr i praksis at rovdyr i reine beiteprioriterte områder **skal** takast ut. Bjørn og ulv i Oppland skal takast ut, og dei skal fortrinnsvis takast ut i forkant av beitesesongen. Her må det krevjast at det vert gjeve skadefelling ved observasjonar.
 - I rovviltsonene skal uttaket prioriterast i områder med størst skade når det skal takast ut restkvoter.
 - Når det dukkar opp t.d. gaupe i jervsona eller jerv i gaupesona skal desse taskast ut, dette er i samsvar med byrdefordelingsprinsippet i forvaltningsplanen i Oppland
 - OSG skal arbeida for ei forvaltning av ørn.
 - OSG ønskjer å behalde Rovviltnemndene slik dei fungerer i dag
 - OSG skal arbeida for at FKT potten skal auka og i størst mogleg grad koma beitebrukarane til gode.
 - OSG skal arbeida for at det vert gjeve full erstatning i forhold til rovviltskadar til medlemmane våre der ingen anna årsak er påvist.
- **Gjennomføra styremøter etter oppsett plan med saker frå Ring 41, geitesaker og OGL**
 - Vedtak om bruk av kalender på heimesida for alle møter
 - Plan er laga så langt vi i praksis veit
- **Planlegge kontaktmøter/regionmøter i 2019/20 og seminar/årsmøte i februar 2020**
 - Arrangere seminar, møte og turopplegg i Oppland for Rogaland Sau og Geit

- Diskutere om vi skal ha fleire kontaktmøter og regionmøter fleire stadar
- Seminar og årsmøtehelg er bestemt til tid og stad, og opplegg
- **Arbeida med utfordringar til gjerding/gjerdeplikt, spesielt mot utmark**
 - Jonny har laga powerpoint om emnet
 - Ta opp att kunnskapen frå tidlegare prosjekt i regi av FMOP og OSG
- **Arbeide med rekruttering til næringa – tiltak for unge småfebønder**
 - Bruka Valdres-prosjektet aktivt fleire stadar
 - Redusert pris til dei under 35 år på seminar/årsmøte
 - Bidra med rekrutteringstema på seminar
- **Arbeida med meire faglege småfesaker, som på avl-, beitebruk-, produksjons- og dyrehold-relaterte områder**
 - Vidareføre og behalde engasjementet i Ring 41
 - Vidareføra og auka engasjementet og deltakinga i kåringssjåa

Vedtak i saka:

- Arbeidsplanen vart gjennomgått og oppdatert. Det vart diskutert og avklart praktiske gjeremål som ville utfylla arbeidsplanen der Ellen har hatt kontakt med Mattilsynet i forhold til kompetanse og smittesluse og Knut anbefaler lokallaga om å be inn Animalia. Pål forklarte at Animalia nok kom dersom fleire lokallag i ein region tok eit fellesmøte

Sak 45/2019: Oppland Radiobjøllelag

- Fakta 2019 er at arbeidspresset i perioda mai/juni vart for stor. Signe Kjørstad og Jonny Mathisen har hjelpt til med pakking og kjøring av utstyr i 2019, da utstyret kom seint og det generelle arbeidet kravde mykje tid
- Framtidstankar

Vedtak i saka:

- Pål lagar eit oppsett til neste styremøte for at styret skal få eit innblikk i kva arbeidet i sesongen nå i praksis er og kva omfang det har. Dette for at styret kan vedta ein framdriftsplan med korleis Oppland Radiobjøllelag skal drivast i praksis i framtida

Sak 46/2019: Sponsoravtaler OSG

- Oppfølging av sak frå førre styremøte. Sponsoravtalane går ut i 2019, og det er tid for å forhandla fram nye. Ansvar/fordeling av ansvar. Sist sendte vi ut ein sponsorfolder. Sponsorane våre har vore dette:

Os ID	kr 2 500,00
Strand Unikorn	kr 5 000,00
AS Nessemaskin	kr 2 500,00
Fjøsssystemer AS	kr 5 000,00
Tine SA	kr 2 500,00
Felleskjøpet Agri SA	kr 5 000,00
Sp.bank 1 Gudbrandsdal	kr 5 000,00
Telespor AS	kr 10 000,00

Findmysheep	kr 10 000,00
Nortura SA	kr 43 000,00
Sikringsradion	kr 5 000,00
Grobakken Landmek AS	kr 20 000,00
Furuseth AS	kr 2 500,00
Fatland AS	kr 2 500,00
Bekkevold Lyskopi	kr 2 500,00
Norilia	kr 5 000,00

- Forslag til ny tekst:

Oppland Sau og Geit er ein medlemsorganisasjon for småfehaldet i Oppland, er underlagt Norsk Sau og Geit og har 30 lokallag med 1224 betalande medlemmar pr. dags dato.

Oppland Sau og Geit kjempar og driv småfehaldets sak i Oppland. I sjølve fylkeslaget arbeidar vi mykje med utmarksbeitebruk og ikkje minst da med utmarksbeitemoglegheiter retta mot den store utfordringa med forvaltning og politikk rundt bestandsmål, kvoter og uttak av freda rovvilt. I Oppland Sau og Geit har vi også sauavlen under paraplyen vår, der styret i Ring 41 syter for at alle 13 ringavdelingar og dei 92 avlsbesetningane i Oppland er innlemma i fellesskapet. I tillegg arbeidar vi sjølvsagt også for geita, som er eit svært viktig bidrag til unike matrettar og kulturlandskap. På 10. året driftar vi Oppland Radiobjøllelag der vi i 2019 kjem til å leiga ut til saman omlag 5000 radiobjøller, 1500 FMS-bjøller og 22 saltsteinsavlesarar til omlag 400 ulike medlemmar i fylket. Vi har òg eit nært samarbeid med Oppland Gjetarhundlag, var delaktige i NM i bruk av gjetarhund i 2015 og delaktige i NM i saueklipping og ull-handtering i 2016 og i 2018.

For å drifta dette laget trengs det sjølvsagt pengar, og i seinare år har dette vore mogleg ved at vi i tillegg til refundert medlemskontingent har hatt mange sponsorar som har støtta oss med annonsar i årsmeldinga og på heimesida. Frå 2015-2019 har Nortura vore hovudsponsoren vår. Frå 2017-2019 har vi i tillegg hatt 3-årsavtaler med 15 andre organisasjonar/bedrifter. Da desse avtalane går ut i år legg vi difor ut nye sponsorpakkar vedtekne av styret, og spør våre tidlegare annonsørar og sponsorar om dykk vil gjera avtalar med oss på nytt med eit av alternativa under der sponsorpakka gjeld for åra 2020, 2021 og 2022 m/forfall den 15/01 kvart år.

1. Sponsorpakke: Heimsideannonse alltid øvst og størst, 2 midt-sidene i årsmeldinga, logo og annonse i infoskriv, 45 min taletid årsmøte, stand årsmøte kr. 45.000,- pr. år
2. Sponsorpakke: Heimesideannonse, heilsideannonse baksida, 15 min taletid/stand årsmøtet, kr. 20.000,- pr. år
3. Sponsorpakke: Heilsideannonse, 15 min taletid/stand årsmøte: kr. 10.000,-
4. Sponsorpakke: ½ side årsmelding, kr. 5.000,- pr. år.
5. Sponsorpakke: ¼ side årsmelding, kr. 2.500,- pr. år.

Svar og underskriving av avtale:

Ønsket sponsorpakkenr.	Bedrift	Faktura-adresse	Mailadresse	Underskrift

Ønsker svar innan 01/10 2019 til sekretær Pål Kjørstad på adresser under.

Mvh Oppland Sau og Geit ved Knut Evensen, Ellen M. Syse, Jonny Mathisen, Eirik Kolbjørnshus, Gro Arneng, Ola Hareland, Frode Rudland og Anne Terningen

- Etter at foldaren er klar vil vi senda den ut til dei som er positive til ny avtale. Alle vert ringt opp på førehand for å varsle om og få munnlege spørsmål om sponsormidlar
- Vi bestemte ei fordeling av dette innan styret:
- Knut fekk ansvar for: Fjøs-systemer, Sikringsradion, OSID, Nesse-maskin og Nordfjordkjøtt
- Ellen fekk ansvar for: Norilia, Nortura og Animalia
- Jonny fekk ansvar for: Sparebank1, Fatland, Furuseth og Felleskjøpet
- Eirik fekk ansvar for: Grobakken (Husdyr-systemer) og Strand
- Gro fekk ansvar for: Landkreditt og Tine
- Ola fekk ansvar for Gjensidige og DNB
- Pål fekk ansvar for Findmy, Telespor og Bekkevold Lyskopi

Vedtak i saka:

- Styret i OSG ber alle ansvarlege gje attendemelding til Pål om dette innan 01.09.2019

Sak 47/2019: Valinstruks Oppland Sau og Geit

- I forhold til tidlegare vedtak vedtok styret i OSG og revidera valinstruksa og senda den ut på høyring i lokallaga og Ring 41. Utkast til valinstruks:

Valginstruks Oppland Sau og Geit

Sak 76/2010, årsmøtesak 2011, årsmøtehendelse 2019, sak 2019, årsmøtesak 2020

- Felles valgnemnd, foretak, kasserer, regnskapsfører, revisor, årsmelding, bankforbindelse, årsmøtehelg/seminar, medlemmer
- God representasjon i fylkesstyret
- Felles møtepunkt for utveksling av informasjon og det å ivareta og følge opp fellesfunksjoner/aktivitet/informasjon/markedsføring
- Kostnadseffektivt drift.

Styret i Ring 41 Oppland består av 4 representanter:

- Leder innstilles for 1 år
- Styret består i tillegg av 3 styremedlemmer som velges for 2 år, slik at det innstilles på 1 styremedlem et år og 2 styremedlemmer det neste.
- Nestleder innstilles for 1 år blant de 3 styremedlemmene
- Styret skal være valgt slik at 2 er fra NKS-avdelinger i Gudbrandsdalen/Toten, 1 fra avdelingene i Valdres og 1 fra spælavdelingene. 1 representant av de 4 i styret skal være styremedlem i Oppland Sau og Geit
- 3 vararepresentanter til styret velges i nummerrekkefølge, der 3. vara er fra spælavdelingene, og denne kalles inn ved forfall for spælrepresentanten i styret

Styret i Oppland Sau og Geit består av 5 representanter:

- Leder innstilles for 1 år, og velges på fritt grunnlag uavhengig av region
- 2 medlemmer til styret innstilles for 2 år
- 2 styremedlemmer er ikke på valg.
- Nestleder innstilles for 1 år blant styremedlemmene
- De 4 styremedlemmene skal velges slik at 1 er fra Nord-Gudbrandsdalen, 1 fra Sør-Gudbrandsdalen, 1 fra Valdres og 1 fra Land/Toten/Hadeland
- En av styrerepresentantene skal være geiterepresentant
- En av styrerepresentantene skal være av de valgte medlemmer i styret i Ring 41
- 3 vararepresentanter til styret velges i nummerrekkefølge

Valgnevnda for Oppland Sau og Geit og Ring 41 Oppland

- Valgnevnda skal så langt det er mulig sikre en bredest mulig representasjon i styrene ut fra NSG sine lover, vedtekter for værringer og vedtatt valginstruks
- Valgnevnda bør innstille på årsmøteutsendinger til NSG blant styremedlemmene i Oppland Sau og Geit, men bør også sikre at fagområdene er representert
- Om interesse, engasjement og faglige kvalifikasjoner er like må valgnevnda i sin innstilling ta hensyn til kjønn, alder og fordeling av representasjon innad i fylket
- Valgnevnda består av 4 medlemmer med personlige varamedlemmer

Årsmøtene i Ring 41 og Oppland Sau og Geit

- Årsmøtet i Ring 41 holdes før årsmøtet i Oppland Sau og Geit og velger 1 medlem til valgnevnda m/varamedlem for 2 år.
- Årsmøte i Oppland Sau og Geit velger 1 medlem til valgnevnda m/varamedlem for 2 år
- 2 medlemmer i valgnevnda er ikke på valg.
- Årsmøte i Oppland Sau og Geit velger leder og nestleder i valgnevnda fortrinnsvis blant de som ble valgt foregående valgår
- Årsmøtet i Ring 41 innstiller på time/dag-godtgjøring til styremedlemmene og vedtar eventuelle faste godtgjøringer for sine tillitsvalgte
- Årsmøte i Oppland Sau og Geit vedtar time/dag-godtgjøringer for organisasjonen og eventuelle faste godtgjøringer for sine tillitsvalgte

Vedtak i saka:

- Styret vedtok at vi skal senda valinstruksen på høring til lokallaga med frist innan 01.10.2019. Etter høringa skal styret i OSG innstilla ny valinstruks med bakgrunn i lokallagsinnspela til årsmøtet i OSG 2020.

Sak 48/2019: Veterinæravtalar

- Vi har fått innspel på at enkeltbrukar/ar har eigne avtalar med veterinær m.o.t. å få tilgang til medisin, og får da fordelar i forhold til andre småfebønder. Korleis skal vi forhalda oss til dette i OSG?
- Er det noko vi skal eller kan gjera noko med?
-

Vedtak i saka:

- Styret drøfta saka og omstenda rundt den. Styret kjenner ikkje til regelverket rundt dette, og kjenner heller ikkje til kven det gjeld og det eventuelle omfanget av dette. Styret er skeptiske til at det vert lettare tilgang til medisin ut frå renommeet til Norsk landbruk, men skjønar enkeltbrukarar ned store utfordringar med t.d. leddbetennelse

på mange dyr og til at antibiotika snarast råd er etter sjukdomsutbrot er best for dyra. Saka vart utsatt til neste styremøte

Sak 49/2019: Fylkeslagets diplom/æresmedlemmar lokallag

- Styret har fått innspel frå Fåvang Sau og Geit om at dei vil utnemna 4 medlemmar til æresmedlemmar i samband med 70-års jubileumsfesten 26. oktober.
- I same høve vil dei at Oppland Sau og Geit gjev fylkeslagets diplom til ein medlem

Vedtak i saka:

- Styret i Oppland Sau og Geit godkjente dei 4 æresmedlemmar som Fåvang Sau og Geit vil utnemne i samband med 70 års jubileet sitt. Styret gav tilslutning til at ein medlem i Fåvang Sau og Geit får tildelt fylkeslagets diplom i samband med jubileet

Sak 50/2019: Jordbruksforhandlingar – innspel til Representantskapet i NSG i haust

- Jmf. sak 32/2019
- Jordbruksoppgjøret; det vert referert til e-poster frå Pål og korrespondansar i styret i OSG i mellom, innspel til OB og OBS, telefonmøte med Trond, Kristina og Knut. Styret i OSG er frustrert over at engasjementet i jordbruksoppgjøret både frå sentralt, frå fylker og medlemmer er såpass lite
- Styret i OSG syntes at kravet til jordbruket var overraskande ved at ein tok ut midlar frå husdyrtilskotet ved å senke satsen og auka satsen på utmarksbeitetilskotet da ein vel var nokså sikker på at å auka utmarksbeitetilskotet i den storleiken var dødfødt. Fagлага på fylkesplan såg tafatte ut da dei argumenterer for det dei får beskjed om frå sentralt hald. Sauen er taparen frå før, og vart ein enda større tapar i dette oppgjøret, sjølv om Staten tenkte og fekk landa oppgjøret litt meire balansert. OSG sendte eit brev til NSG angående dette om korleis vi skal engasjere oss i og ha ein strategiplan rundt dette i framtida, at vi skal engasjerte oss meire, ha eit mål om større sikkerhet på kva som kjem på småfesida frå forhandlingsutvalet, snakka med kvarandre i organisasjonen på alle plan for å ha ei brei einigheit om kva vi meiner og står for. Styret i OSG vil også ta dette opp på Representantskapsmøte NSG oktober.
- Styret i OSG v/Knut sendte ei brev til styret i NSG angående dette, og i saka styret i NSG hadde dette opp gjorde dei dette vedtaket: Styret i Norsk Sau og Geit stiller spørsmål med hvordan den jobben organisasjonens forberedelser og innspill til jordbruksforhandlingene blir respektert av avtalepartene. Dette er en sak som tas opp med representantskapet i oktober
- Knut orienterte om saka, og viste til at styret i NSG vil fremja saka på representantskapsmøte i oktober

Vedtak i saka:

- Styret i OSG vil stilla førebudde i denne saka på representantskapsmøte i haust og koma med konstruktive innspel til NSG. Styret er oppteke av at arbeidet som er lagt ned av organisasjonen vår skal visas i jordbrukets krav.

Sak 51/2019: Seminartema på årsmøte/seminaret i vinter

- Vi må her koma med forslag om kva tema vi skal ha på programmet
- Styret diskuterte og kom med desse innspela: Tidspunkt ringårsmøte, fag: drift av lokallag, praktisk avl og praktisk bruk av elektronisk overvaking og kadaverhund

Vedtak i saka:

- Førebels program m/forslag på foredragshaldarar:
- Fredag:
 - 15.00: Årsmøte Ring 41
 - 17.30: Praktisk avl i bruksbesetning, Kjetil Lien, Pål Egil Rønn, Erling M. Vaterland
 - 18.15: Praktisk avl i avlsbesetning, Hans P. Vaberg, Peder Leirdal
 - 19.00: Pause
 - 19.30: Middag
- Lørdag:
 - 09.00: Årsmøte Oppland Sau og Geit
 - 11.00: Pause
 - 11.15: Årsmøte fortsetter
 - 13.00: Lunch
 - 14.00: Årsmøtet fortsetter
 - 15.00: Nortura
 - 15.30: Pause
 - 15.45: Generaldebatt
 - 18.00: Pause
 - 19.00: Premiesamling
 - 19.30: Middag
- Søndag:
 - 09.00: Praktisk bruk av elektronisk overvaking og kadaverhund, Marit Mjøen, Nicolay Boberg Jansen, Jonny Mathisen, Pål Kjørstad
 - 10.30: Pause
 - 10.45: Korleis skape større aktivitet i lokallaga, Knut Evensen utfordrar, Marianne Hamre, Irene Amundgård
 - 12.30: Pause
 - 12.40: Sponsorar
 - 13.45: Vel heim
 - 14.00: Lunch

Sak 52/2019: Eventuelt

- Styret i OSG vil ta opp ei sak på representantskapsmøte rundt utmark/utmarksrådet. Jonny fekk i oppgåve å skriva eit utkast til innspelet som vert sendt ut til styret til godkjenning
- Dersom styret utover dette, innan fristen for innspel til representantskapet, finn andre saker som dei vil spela inn, så ber styret i OSG om at dette vert sendt til styret snarast råd er
- Ekstra tilskot til fylkeslag i 2019 frå NSG med budsjettert samla tilskot på landet på kr. 100.000,- Styret i OSG søker NSG om støtte til arbeidet kring samarbeidsløysingar, utgreiing om samanslåing med Hedmark, Knut skriv søknaden
- Det ble vedtatt at årets lokallag, som vert utnemnt på årsmøte kvart år skal få eit synleg bevis på dette

Ringebu 05. august 2019
Pål Kjørstad, sekretær

Referat frå møte på Spitsbergseter mellom styret i Hedmark Sau og Geit og styret i Oppland Sau og Geit, 5. august 2019, kl. 11.00, 3 timar

Desse møtte:

For Hedmark: Hans Bondal, Martin Mostue og Per Joar Os Nestun

For Oppland: Knut Evensen, Ellen M. Syse, Jonny Mathisen, Ola Hareland og Pål Kjørstad

Det vart framlagt informasjon og diskutert tema som samanslåing, samarbeid og organisering

Informasjon:

Oppland Sau og Geit ber inn Hedmark Sau og Geit på felles årsmøtehelg med seminar i Øyer 21.- 23. februar 2020

Vi må opptre med ei felles røyst i forhold til rovviltutfordringar, forvaltning, rovviltregion og FMIN

Jonny skal ha besøk av Miljøavdelinga i FMIN i beiteområdet sitt 06.08.2019 med fokus på å illustrera kor vanskeleg det er å finna kadaver

Naturbruksalliansen: Mest fokus på ulv, for lite fokus på anna rovvilt og andre områder

Viktig å informere andre landsdeler som ikkje har rovviltutfordringar

Hedmark har mest å tena på samarbeidet, bakgrunn ulvesona, HSG vedtok i si tid at ulvesona var ok – skapte splitting i laget. Avlsarbeidet er litt på hell, og medlemstalet går ned

Tynset, Alvdal, Os, Tolga, Ringsaker, Stange, Folldal, Løten er dei lokallaga som fungerer best i Hedmark. I Oppland er det fleire som fungerer, mens nokre ikkje fungerer ved at dei ikkje er representert på årsmøte

I Hedmark er interessa og engasjementet litt dalande, og noko av grunnen er sjølv sagt freda rovvilt, i tillegg til at alle ledd i baa fylkeslaga er avhengige av engasjerte og hardtarbeidande tillitsvalde

Kva med beitelag kontra lokallag – fleire lokallag av NSG og beitelag har felles styre

Per Joar & Co har anka vedtaket om rovvilterstatninga ved å bruka advokathjelp, mens nokre vi kjenner i Oppland har brukt tillitsmannsapparatet i OSG

FM og andre må respektera at fylkeslaga av Sau og Geit i Innlandet er organisert som 2 lag

Utfordringar med tidlegsanking i forhold til at nokon vil ha det, nokon får det, prisløypa – alt i forhold til prinsippet om at vi ønskjer at beitetida vår på utmark ikkje skal innskrenkas

Relevante opplysningar som vi skulle hatt gode svar på: Kva tener vi på å vera medlem i sauekontrollen og kva tener vi på å kjøpe ringverar/kåra verar i forhold til å kjøpe ver frå bruksbesetning eller bruka ver frå eigen besetning

Ulik praksis med tilskot, Hedmark: Tilskot til tiltak i beiteområder – beitelaga eig stor del av utstyret, Oppland: Tilskot til tiltak i beiteområder + FKT-potten – Oppland Radiobjøllelag eig ein stor del av utstyret.

Oppland Gjeterhundlag m/6 lokallag og Hedmark Gjeterhundlag i praksis har 2 ulike områder

Drøftingar:

Tema: Fylkeslaget: Håplaus geografi - for stort område. Ingen av fylkeslaga ser i dag at fordelene er større enn ulempa med å slå saman laga

Samarbeid: Felles årsmøte/seminarhelg, minimum 1 felles styremøte i året og elles etter behov. Fokus på betre samarbeid mellom fylkeslag/gjetarhundlag/avlssarbeid/elektronisk overvaking

Vi må ha eit felles styremøte med kvarande i januar 2020

Tema: Rovvilt:

Samarbeid: Felles møter OSG/HSG i forkant av alle møter når ein ser nødvendigheten av det. Felles strategiar i forhold til saker som t.d. rovviltsikre gjerder – beite i inngjerda hegn, tidlegsanking, forsinka slepp. Må baseras på felles strategi med NSG.

Felles uttalar t.d. i neste møte m/rovviltnemnda/FMIN: Ei innleiande tale om den generelle historia som går galne vegen i forhold til beitedyr, gjerne og som eit skrifteleg brev, fokus på at enkeltbrukarar vert brukt i staden for at vi vil at fokuset skal vera beitelag/organisasjonar

Samordning rundt rovvilterstatninga

Samarbeid og samordning over gamle fylkesgrenser som nord og øst for Gudbrandsdalen

Tema: Avl: Sau/Geit:

Samarbeid: Felles dommarsamling

Felles seminarprogram m/fokus på dette tema

Tema: Elektronisk overvaking:

Samarbeid: Drøfta korleis dette skal eller kan løysast. Innspel til FMIN om at Opplandsmodellen må halda fram ved at FKT-midlar også må gå til innkjøp av elektronisk overvakingsutstyr frå den generelle tildelinga slik FMOP har gjort

Tema: Gjetarhund:

Samarbeid: Samarbeid med arrangement som prøver, meisterskap og kanskje over områder der geografien er ein fordel for samarbeidet

Ringebu 05. august 2019

Pål Kjørstad, sekretær